



# Forskrift om opplæringsspråk ved skulane i Fitjar kommune

## **§ 1. Lovheimel**

Forskrift om opplæringsspråk ved skulane i Fitjar kommune er heimla i LOV-2023-06-09-30; Lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 15-2.

## **§ 2. Føremål**

Denne forskrifta regulerer kva som skal vera det skriftlege hovudmålet ved kvar skule i Fitjar kommune. Som det går fram av opplæringslova § 15-2, skal skulane nytta hovudmålet i den skriftlege opplæringa og den skriftlege kommunikasjonen med elevane og foreldra.

Denne forskrifta regulerer ikkje den munnlege opplæringa, jamfør opplæringslova § 15-1. I den munnlege opplæringa avgjer elevane og lærarane sjølv kva for talemål dei vil bruka.

## **§ 3. Skriftleg opplæringsspråk ved Selevik skule**

Skriftleg opplæringsspråk ved Selevik skule skal vera nynorsk.

## **§ 4. Skriftleg opplæringsspråk ved Øvrebygda skule**

Skriftleg opplæringsspråk ved Øvrebygda skule skal vera nynorsk.

## **§ 5. Skriftleg opplæringsspråk ved Rimbareid skule**

Skriftleg opplæringsspråk ved Rimbareid skule skal vera nynorsk.

## **§ 6. Skriftleg opplæringsspråk ved Fitjar vaksenopplæring**

Skriftleg opplæringsspråk ved Fitjar vaksenopplæring skal vera nynorsk. Kommunen si plikt til å gje opplæring i norsk og samfunnsfag etter LOV-2020-11-06-127; Lov om integrering gjennom opplæring, utdanning og arbeid (integreringsloven) går fram av §§ 30 og 31 i lova.

## **§ 7. Iverksetjing**

Forskrift om opplæringsspråk ved skulane i Fitjar gjeld frå 01.08.2024.